

Regional plan for verdiskaping

PLANTEMA NYSKAPING

Legge til rette for nyskaping og vekst – leveranse til næringsforum sitt møte 22.
januar 2014

Sekretariatet for nyskaping
16.01.2014

Innhold

1 Innleiande.....	3
2 Generelt om arbeidet.....	4
3 Sogn og Fjordane – eit godt utgangspunkt.....	5
4 Offentleg sektor.....	9
4.2 Dagens situasjon	9
4.3 Kva gjer vi – vegval.....	11
4.4 Kort oppsummering	12
5 Næringsapparatet	13
5.2 Dagens situasjon	13
5.3 Kva gjer vi – vegval.....	14
5.4 Kort oppsummering	16
6 Entreprenørskap	17
6.1 Mål/kva ønskjer vi?.....	17
6.2 Dagens situasjon	17
6.4 Kort oppsummering	19
7 Virkemiddelpolitikk	21
7.2 Dagens situasjon	21
7.3 Kva gjer vi – vegval.....	24
7.4 Kort oppsummering	25
8 Breiband.....	26
8.2 Dagens situasjon	26
8.3 Kva gjer vi - vegval.....	26
9 Felles føresetnader for å lukkast.....	28
10 Avsluttande merknader	29
11 Vedlegg.....	30

1 Innleiande

Dette notatet skal tene som leveranse frå plantema nyskaping, til næringsforum sitt møte 22.januar. Vi har lagt vekt på å identifisere og omtale dei viktigaste områda som dei samarbeidande næringsaktørane/partnarskapen saman kan gjere noko med, og peike på kva som bør gjerast. I vedlegg 1 syner vi ei skisse til kven som bør følgje opp det vidare arbeidet, som grunnlag for nærmare drøftingar om oppfølgjingsarbeidet. Det skisserte arbeidet er eit «fellesløft» i den forstand at dei samarbeidande aktørane/partnarskapen må utfylle einannan og vere godt samordna i desse satsingane.

Notatet er laga av sekretariatet for plantema Nyskaping: Lisbeth Bringeboen, Jan Ivar Rise og Endre Høgalmen.

Vi har delt inn notatet slik:

- Generelt om arbeidet.
- Eit overblikk over dagens situasjon og hovudutfordringar – Sogn og Fjordane.
- Offentleg sektor.
- Næringsapparatet.
- Entreprenørskap.
- Virkemiddelpolitikk.
- Breiband.

2 Generelt om arbeidet

Det skjer ein god del innan næringsutvikling i fylket, og det er potensiale for å få til atskillig meir. Vi vil her vurdere kva som kan gjerast for å løyse ut dette potensialet, med vekt på det som plantema Nyskaping femnar om. Som ein del av dette vil vi då vurdere kva som «bremsar oss», og kva som skal til for at vi skal bli meir innovative og nyskapande – og bruke dei mulighetene som vi har. Vi kjem som ein del av dette også innom tilgongen til folk, kapital og kultur for nyskaping. Gjennom arbeidet vil vi naturleg nok legge mest vekt på det som vi forventar har best verknad, eller kort og godt det viktigaste som vi kan gjere i lag for å styrke næringslivet vårt.

Fellesnemnar i det vidfemnande plantemaet Nyskaping er å utvikle det offentlege si evne som tilretteleggar, arenabyggar og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa som dei treng. Dette uavhengig av om tiltaka er nemnde i dei strategiske planane. Vi skal kort og godt hjelpe og rådgje dei som vil satse, slik at dei får realisert ideane sine. Dette gjeld både etablerte bedrifter, og etablerarar som vil starte si eiga verksemd. Og vi i dette høvet er dei aktørane som samarbeider om å få til utvikling i fylket sitt næringsliv, dvs fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen, kommunane/næringssselskap, NHO med fleire (også kalla partnerskapen).

3 Sogn og Fjordane – eit godt utgangspunkt

Elevane i Sogn og Fjordane kan syne til skuleresultat i landstoppen, og entreprenørskapsarbeidet i skulen (elevbedrifter i grunnskulen og ungdomsbedrifter i vidaregåande skule) vert vurdert som vellukka. Så langt bra, og ein skulle tru at dette gjev eit godt grunnlag for bedriftsetableringar og innovasjon i arbeidslivet. Men når vi ligg på botnen av etablerarstatistikken og heller ikkje utpeikar oss som noko spesielt innovativt fylke er det grunn til å spørje seg om kva som bremsar oss - og kva vi kan få gjort med det.

Med tanke på næringsstrukturen vår ligg vi klart over landssnittet når det gjeld sysselsette innan industri og landbruk/fiske/oppdrett. Det skjer ein god del innovativt innan industri og naturbaserte næringar, som gjer at vi produserer meir – med færre tilsette. Dette som ledd i ei effektivisering, som vi er nøydde til å jobbe med for å henge med i konkurransen.

Vi ligg under landssnittet når det gjeld forretningsmessig tenesteyting, og vert oppfatta som lette med tanke på dei såkalla nye næringane. Og vi skulle gjerne hatt fleire bedrifter i dei næringane som veks. Og vi skulle gjerne hatt fleire bedrifter i lønsame næringar, som dreg oss nærmare landssnittet med tanke på verdiskaping pr tilsett (vi ligg på beskjedne 65 % av landssnittet).

Fylket eksporterer ressurssterk ungdom til meir sentrale strøk (vi er mellom dei fylka som tapar mest unge i alderen 20-29 år). Vi misser folk med høgare utdanning (1909 personar med høgare utdanning flytta i åra 2004-2011, i følgje analyse utført av Høgskulen i Sogn og Fjordane). Og vi misser folk med fagbrev (759 personar med fagbrev flytta i åra 2004-2011). Vi greier ikkje å kompensere utflyttinga med nok folk som flyttar til fylket. Men vi har heldigvis bra tilgong på arbeidsinnvandrarar, som vi har gjort oss heilt avhengige av. Men vi har ei stor og felles oppgåve i å integrere desse på ein god måte, i håp om at dei skal slå seg til i fylket vårt.

Næringsstrukturen i fylket er elles dominert av små bedrifter, som naturleg nok har ei god merksemd på det daglege arbeidet. Men med ein liten administrasjon er det utfordrande å gjere seg nytte av dei offentlege aktørane sine virkemiddel innan innovasjon og FoU. Avstanden til dei tunge forskingsmiljøa er stor, både fysisk og kulturelt. Dette kan vere litt av forklaringa på kvifor vi på det jamne kan oppfattast som meir tradisjonelle enn nyskapande. Men det er heldigvis mange gode unntak. Og fellesnemnaren for desse er ressurssterke folk med ein sterk vilje til å skape noko nytt. Dette understrekar berre kor viktig det er å ha tilgong på dei «rette» folka, og at fylket framstår som så attraktivt at dei «rette» folka vel å satse hos oss.

Som eit døme på eit anna lyspunkt kan vi nemne Sunnfjord si gode plassering i NHO sitt næringsNM, der Telemarksforsking har rangert Sunnfjord som ein av dei beste næringslivsregionane i landet.

Imponerende nok, i ei tid der vi kjempar mot tunge trendar med urbanisering og sentralisering, som trekkjer folk til dei store byane.

Sogn og Fjordane framstår som eit kapitalfattig fylke, der det er få private investorar som har mykje midlar til å setje inn i næringsutvikling. Dette merkast når nyskapande tiltak med risiko skal oppfinansierast. På banksida kan det sjå ut til at dei store landsdekkande forretningsbankane ikkje lenger ser på Sogn og Fjordane som eit så interessant fylke. Dette gjer Innovasjon Norge sine utlån desto viktigare, i og med at dette også kan løyse ut lån frå vanlege bankar. Tilgong til privat kapital tidleg i ei bedrift sitt liv er ofte kritisk for å kome over kneika, og vi bør sjå kva som kan gjerast for å styrke tilgangen til privat og risikovillig eigenkapital.

Sogn og Fjordane er eit fylke der mange kjenner kvarande, og ein skulle tru at dette fremmar samarbeid innan næringslivet. Mykje kan imidlertid tyde på at samarbeida ikkje er så godt utvikla som vi kunne forvente. Vi bør følgjeleg sjå kva som skal til for å få bedriftene til søke saman og lære av kvarandre (nettverksaktivitet), ikkje minst for å stå sterkare i kampen om større oppdrag – også utanfor fylket. Det er her nærliggande å nemne eit meir systematisk arbeid med leverandørutvikling.

Det er fleire døme på gode næringsmiljø i fylket, men knapt nok skikkelege næringsklynger som ofte er ein motor for utvikling i andre fylke (t.d. skip og møbel på Sunnmøre). Vi bør følgjeleg sjå korleis vi betre kan stimulere til robuste næringsmiljø i fylket. Og korleis vi ev kan knyte oss tettare opp til dei tunge næringsklyngene nord og sør for oss.

Sogn og Fjordane er eit fylke med mange flinke praktikarar. Tilgangen til folk med høgare utdanning (ikkje minst teknisk og næringsretta utdanning) kan imidlertid bli ein nøkkel til vidare vekst i fylket. Og dette må viast merksemd.

Vi kan tilby bra støtteordningar for folk som vil starte si eiga bedrift, men kan likevel syne til for få etableringar. Dei nye bedriftene hos oss lever rett nok lenger, og dette kan tyde på at vi ikkje etablerer eiga verksemd før vi er rimeleg trygge på at det skal gå bra. Dette kan også seie nok om kulturen hos oss. Denne kulturen kan bremse nyetableringar og utvikling innan næringslivet, og vi må lære meir om korleis vi kan få til eit takskifte her. Feilskjer innan næringsutvikling gjev grunnlag for refleksjon og læring, og slike erfaringar må ein også skatte og dra lærdom av.

Bedrifter og etablerarar har tilgang til ei rekkje virkemiddel frå dei offentlege aktørane, ikkje minst frå Innovasjon Norge. Og dei har tilgang på eit hjelpeapparat med ei rekkje med næringsmedarbeidarar i kommunar og næringssselskap. Nettotilveksten av arbeidsplassar var 509 samla for åra 2008-2012, derav ein nettoauke på fem for 2012. Næringsutvikling er rett nok langsiktig arbeid, men vi bør finne ut meir om kva virkemiddel som har best verknad på sysselsettinga – og dermed på sikt folketalet i fylket vår.

Vi har samla sett eit omfemnande hjelpeapparat. Det er behov for ei betre koordinering mellom nokre av aktørane, og vi må bli betre til å formidle dei to «dørene» som småbedrifter og etablerarar skal forholde seg til: Innovasjon Norge og det kommunale næringsapparatet (den kommunale næringsmedarbeidaren eller det lokale næringssselskapet). Her skal småbedrifter og etablerarar også få råd om andre hjelpearar, slik at den einskilde næringsdrivande vanlegvis kun treng å kjenne dei to nemnde «dørene» inn til hjelpeapparatet.

Det er for få som etablerer si eiga verksemd, og vi kunne ønske i friskare satsing i deler av næringslivet. Og her ser vi eit betydeleg i dei mange småbedriftene våre. Det er då endå viktigare med eit hjelpeapparat som er aktive ute blant næringsdrivande og motiverer, formidlar kunnskap og ev gjev råd om korleis ein kan utvikle bedrifta. Dette fordrar ein god kompetanse, og det er følgjeleg viktig å vidareføre det oppstarta arbeidet med kompetansebygging i næringsapparatet.

Vi må lukkast betre med å utvikle dei «nye næringane», som mange av ungdomane våre utdannar seg innan. Det er gode døme på etablerarar som har fått god hjelp, men det er grunn til å tru at både næringsapparat og bankvesen har behov for å etablere ein kompetanse som gjer oss tryggare i møte med tenester som kan oppfattast som kompliserte både teknisk og marknadsmessig.

Ei oppsummering av dei forbetningspunkta som vi har indentifisert ovanfor:

- Tilgong til flinke folk med næringsretta utdanning vil vere ein knapp faktor, i ei tid då mange trekkjer mot sentrale strøk. Det er følgjeleg avgjerande å skape og formidle eit fylke som folk satsar framtida si på, eit fylke der ikkje minst yngre menneske finn det attraktivt å bu og arbeide.
- Ei rekke tilhøve må vere på plass for å tiltrekkje seg nok flinke folk:
 - Ein velfungerande arbeidsmarknad, med «jobb til begge» og høve til å skifte jobb
 - Attraktive buområde, og tilgong til «urbane» sentrumstilbod.
 - Gode tenestetilbod frå det offentlege innan m.a. barnehage, skule og helse.
 - Eit vegnett som samlar oss i gode bu- og arbeidsområde, og som ikkje minst lettar pendling.
 - Og eit fullgodt breiband som dekkjer både næringsliv og private sine behov.
- Vi ser også at det er behov for eit felles løft for betre integrering av arbeidsinnvandrarar, i von om at dei vil slå seg ned her i fylket.
- Vi må legge betre til rette for vekst i dei mange småbedriftene som vi har i fylket, m.a. ved å gjere det lettare for dei å nytte seg av dei offentlege aktørane sine virkemiddel innan innovasjon og FOU.
- Og vi må stimulere til betre samarbeid bedrifter imellom, der dei kan lære av kvarandre (nettverksaktivitet). Også gjennom leverandørutvikling der bedriftene kan stå sterkare i kampen om større oppdrag.
- Vi må også legge betre til rette for fleire robuste næringsmiljø, og sjå korleis vi kan knyte oss tettare til dei sterke næringsklyngene nord og sør for oss.
- Det kan vere særst utfordrande å skaffe nok tolmodig og risikovillig eigenkapital, særleg tidleg i ei bedrift sitt liv. Vi må vi vurdere kva som kan gjerast for å lette tilgangen til kapital.
- Vi bør påverke til ei kulturendring, til ein meir utviklings- og samarbeidsorientert mentalitet.
- Og vi må skaffe oss betre kunnskap om kva virkemiddel/kombinasjon av virkemiddel som best fremmar innovasjon og auka sysselsetting hos oss. Dette gjeld ikkje minst FOU-retta tiltak som skal byggje bru mellom næringslivet og forskingsmiljøa.
- Vi må bli betre til å marknadsføre dei to «dørene» inn til hjelpeapparatet: Innovasjon Norge og det kommunale næringsapparatet, og koordinering mellom nokre av hjelpearane bør bli betre.
- Det er trong for at næringsapparatet er meir aktive ute blant næringsdrivande og motiverer, formidlar kunnskap og ev gjev råd om korleis ein kan utvikle bedrifta.

- Det er viktig å vidareføre det oppstarta arbeidet med kompetansebygging i næringsapparatet, ikkje minst for å møte dei «nye næringane» på ein god måte.

4 Offentleg sektor

4.1 Mål/Kva ønskjer vi?

Vi ønskjer ein offentlig sektor som:

- Leverer gode tenester slik at Sogn og Fjordane framstår som eit attraktivt og godt fylke å bu i.
 - Alt frå barnehage og utdanningstilbod til helsestell, transporttilbod, integrering av arbeidsinnvandrarak og tilrettelegging for gjennomgangsbustadar.
- Er ein pådrivar for å utvikle fylket.
 - M.a. ved å påvirke utbygging av infrastruktur som veg og breiband.
 - Og nyttar dei høva som byr seg for å trekke ressursar og funksjonar til Sogn og Fjordane.
 - Yter god informasjon og service - og reagerer snøgt på initiativ for å utvikle fylket – kort sakshandssamingstid.
- Har gode og oppdaterte planar som eit grunnlag for å samle fylket om ein felles innsats.
 - Og som grunnlag for å tilby næringsareal til både landbasert verksemd og fiskeoppdrett – og attraktive buareal.

4.2 Dagens situasjon

Det offentlege tenestetilbodet i Sogn og Fjordane er jamnt over bra. Det er neppe grunn til å tru at det er manglande tenestetilbod frå det offentlege som held folketalet i fylket nede eller bremsar utviklinga i næringslivet. På eitt område er det imidlertid eit betydeleg forbettringspotensiale, og vi er då inne på kommunane sine planar som skal sikre ei god og heilskapleg satsing. Ein god samfunnsdel i kommuneplanen skal legge til rette for påfølgjande gode planavklaringar kring areal til næringslivet og tilrettelegging for attraktive buområde. Når ein kommune ikkje har oppdaterte planverk kan det ta fleire år før eit areal er klar for bygging, med utarbeiding av arealplan og påfølgjande reguleringsplan. Utarbeiding av arealplan tek fort 1-2 år, avhengig kompleksitet. Utlegging av areal i strandsona vil t.d. ofte vere konfliktfylt. Ein reguleringsplan med grunnlag i arealplanen vil ofte ta ½-1 år.

Mange av kommunane i fylket har gamle planar. Dei fleste planane er yngre enn ti år, men sju kommunar har framleis planar frå før år 2003. Av desse er rett nok dei fleste i gong med revisjon. At arealplanen er gamal inneber nødvendigvis ikkje at kommunen ikkje har ein arealreserve, men det kan fort gå lengre tid å få arealet klart for bygging.

Det skal lagast ein kystplan for fylket, som vil gje betre arealplanlegging langs kysten. Dette er ikkje minst viktig for oppdrettsnæringsa som treng tilgong til gode lokalitetar. Det skal i forkant gjerast ei kartlegging av havbotnen og det marine økosystemet.

Tilgang til attraktive areal for bustadbygging er viktig for å trekke til seg folk. Kommunane kan jamnt over syne til tilgjengelege tomter. Men vi har inntrykk av at attraktiviteten er varierende. Vi har også eit generelt inntrykk av at planlegginga av areal for bustadar ofte er grunneigarstyrt. Det er også ein del å hente på å få til betre overordna planarbeid, som grunnlag for påfølgjande avklaringar kring dei langsiktige konsekvensane av lokalisering i ein større samanheng. Dette gjeld både planlegging for næringsareal og buareal, også som del av eit større bu- og arbeidsområde.

Betre integrering av arbeidsinnvandrarak er eit anna viktig forbetningspunkt. Vel 10 % av arbeidsstokken vår er arbeidsinnvandrarak, og tilgang til flinke arbeidstakarar utanfrå er ein nøkkel til utvikling innan næringslivet og befolkningsvekst i kommunane. Nokre bedrifter og kommunar kan nemnast som gode døme med tanke på integrering av arbeidsinnvandrarak, men dei fleste har enno mykje å lære. Ei undersøking som er gjort av Møreforskning syner at få av kommunane har merksemd kring arbeidsinnvandring i sine kommuneplanar. Hos oss kan vi nemnde Flora som eit hederleg unntak, og som døme på ein kommune som har erfaring med å ta seg av både arbeidsinnvandrarak og flyktningar.

Det er på gang eit prosjekt i regi av 4 fylkeskommunar og ei rekkje forskingsinstitusjonar på Vestlandet. Dette skal skaffe meir viten om arbeidsinnvandring, og skal gje nyttig informasjon om korleis vi best kan arbeide vidare den desse viktige problemstillingane. Eit prosjekt utført av Høgskulen i Sogn og Fjordane har peika på at dei offentlege aktørane sine nettsider ikkje er godt nok tilpassa innvandrarak sine behov.

Når det gjeld breiband skal i utgangspunktet teleoperatørane syte for dette. Men offentleg innsats har synt seg naudsynt i eit fylke som Sogn og Fjordane, for å fortgang i utbygging av tilbodet i deler av fylket. Kommunane har ei nøkkelrolle i dette, men varierende kompetanse og kapasitet til å organisere den offentlege breibandinnsatsen.

Over halvparten av bedriftene i fylket leverer varer/tenester til offentleg sektor, og aller størst er andelen innan bygg og anlegg. Det kan vere krevjande for mindre bedrifter å stette krava i utlysinga, og samstundes vere konkurransedyktige på pris. Her må bedriftene søke saman i leverandørsamarbeid, slik som mange gjer i dag. Dei offentlege kjøparane går no over til e-handel, slik at leverandørane må tilpasse seg dette. I den grad innkjøpsregelverket tillet det kan dei offentlege kjøparane ha fylket sitt næringsliv i tankane når anbudsgrunnlaget vert til, m.a. med tanke på storleiken på leveransane. Og det offentlege kan styrke lokale leverandørar si konkurransevne ved å stimulere til leverandørsamarbeid, og vere så opne som råd for innovative måtar å løyse leveransen på.

Det er avgjerande at arbeidstakarane i arbeidslivet får utvikla kompetansen sin. Terskelen for for å ta etterutdanning er lågare når utdanninga kan kombinerast med arbeid, og takast der folk bur og arbeider. Teknologien opnar for fjernundervising via skjerm, og strøymingsteneste som inneber at du kan følgje undervisinga når det passar for deg. Syner elles til plantema Kunnskap si omtale av dette området.

Mange framhevar kor viktig det er med tilgang til gjennomgangsbustadar. Her har kommunane ein jobb å gjere med å legge til rette for fleire gjennomgangsbustadar. Ikkje nødvendigvis ved sjølv å bygge, men vel så mykje ved å legge til rette areal for dette og stimulere utbyggerar til å satse. Hamarøy kommune i Nordland har fått til bustader til både utleige og eige, gjennom eit tett samarbeid med private utbyggjarar. Ved å gje langsiktige leigegarantiar for ei visst tal

bustadar som er tiltenkt bustadsosiale føremål, har kommunen redusert risikoen for private utbyggjarar. Samstundes får kommunen redusert sine forpliktingar, ved at utbyggjer også står som ansvarleg utleigar. Husbanken er også inne i desse prosjekta, og dette har vore eit godt grep for bustadutviklinga i Hamarøy. Denne Hamarøymodellen kan utviklast i nye variantar, med tanke på å stimulere private utbyggjarar til å satse på utleigemarknaden. Kompetansesenter for distriktsutvikling har god kjennskap til kommunane sin innsats på bustadmarknaden, og kan formidle kunnskap om dette. Som eit døme på andre modellar kan vi nemne at Flora kommune no etablerer eit eigeidomsselskap i samarbeid med private aktørar, som skal arbeide fram gode løysingar for m.a. utleigebustadar.

4.3 Kva gjer vi – vegval

4.3.1 Vi hjelper kommunane og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdaterte planverk

Vi må gjere ein innsats for å stimulere kommunane til å ha oppdaterte planverk som inneber heilskaplege vurderingar og kort behandlingstid når næringslivet treng areal, også når det gjeld fiskeoppdrett. Og tilgong til attraktive areal for bustadbygging. Desse arealavklaringane må imidlertid vere tufta på eit overordna planarbeid (som regel ein samfunnsdel i kommuneplanen) som avklarar dei langsiktige konsekvensane av lokalisering i ein større samanheng.

Vi kan bidra på følgjande vis:

- Synleggjere kor viktig det er med oppdaterte planverk.
 - Også ein god samfunnsdel i kommuneplanen som grunnlag for påfølgjande gode og heilskaplege vurderingar kring lokalisering av ulike funksjonar i kommunen.
- Støtte kommunane med kompetanse til å utvikle gode heilskaplege planprosessar i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel
 - Kome tidlegare inn i planprosessane med gode råd
 - Også om korleis ein kan involvere næringslivet på ein god måte
 - Vidareutvikle arbeidet i Planforum, der dei offentlege aktørane kjem saman og m.a. drøftar ein kommune sin plan
- Arbeide vidare med å vidareutvikle kompetansen til fagmiljøa i kommunane
 - Tilby samlingar og nettverk, og stimulere til samarbeid mellom kommunar

4.3.2 Vi gjer ein felles innsats for å integrere arbeidsinnvandrarane

Dei offentlege aktørane og næringslivet må saman gjere ein betre innsats for å integrere arbeidsinnvandrarane.

- Bevisstgjere kor viktig det er å få integrert arbeidsinnvandrarane.
- Utvikle statistikk og analyser som kan gje betre grunnlag for å setje i verk målretta integreringstiltak
- Utvikle og dele kompetanse om korleis dei ulike aktørane kan arbeide for integrering

- M.a. gjennom nettverk og samlingar der vi kan lære av kvarandre.
- Dra veksling på det pågåande prosjektet om arbeidsinnvandring i fire Vestland fylke

4.3.3 Vi styrkar evna vår til å planlegge og gjennomføre breiband-prosjekt
Kommunane må styrke si evne til å initiere og organisere breiband-prosjekt.

- Betre rådgjeving til kommunane (og fylkeskommunen kan ev utføre arbeid for dei kommunane som ønskjer det).
- Utvikle gode samarbeid, der ein lærer av kvarande og utviklar ein sams måte å gjennomføre arbeidet på (standardisering av prosedyrer og dokument).
- Syner til eige kapittel om breiband.

4.3.4 Vi hjelper lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige
Offentleg sektor kan dyktiggjere lokalt næringsliv med tanke på leveransar

- Stimulere til leverandørsamarbeid og vere meir opne for innovative løysingar kring leveransane (vel å merke innanfor det regelverket som dei må halde seg innan).

4.3.5 Vi formidlar eit etterutdanningstilbod som kan takast der folk bur og arbeider
Dette gjeld etterutdanning som kan takast i kombinasjon med arbeid, og femnar også om fjernundervising.

4.3.6 Vi legg til rette for fleire gjennomgangsbustadar

Vi må få til fleire gjennomgangsbustadar som gjer det lettare å «prøvebu» før ein ev etablerer seg med eigen bustad. Vi må her stimulere kommunar og utbyggjarar ved å informere om aktuelle løysingar og lærdom frå andre fylke (m.a. frå Hamarøy).

Sogn og Fjordane sin attraktivitet er viktig med tanke på at folk skal satse framtida si her, jf rekruttering. Og likeins utdanningstilbodet. For desse områda syner vi til plantema Kunnskap som går meir inn på m.a. rekruttering og utdanningstilbodet.

4.4 Kort oppsummering

Vi legg til grunn følgjande

- Vi hjelper kommunane og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdaterte planverk.
- Vi gjer ein felles innsats for å integrere arbeidsinnvandrane.
- Vi styrkar evna vår til å planlegge og gjennomføre breiband-prosjekt.
- Vi hjelper lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige.
- Vi formidlar eit etterutdanningstilbod som kan takast der folk bur og arbeider.
- Vi legg til rette for fleire gjennomgangsbustadar.

5 Næringsapparatet

5.1 Mål/Kva ønskjer vi?

Vi vil ha eit velfungarande og oversiktleg næringsapparat som framstår som gode hjelparar for næringslivet – og som får fram fleire og betre etablerarar.

- Eit korps med samordna hjelparar som i sum utfyller einannan, og som har ei klar rolledeling seg i mellom.
- Som også arbeider utadretta og oppsøkjande, ikkje minst får å få til vekst i eksisterande bedrifter.
- Og som har kompetanse til å rettleie, og oversikt til å syne vidare til andre aktørar i næringsapparatet.
- framstår som oversiktleg og der brukaren lett forstår kvar han skal vende seg.

5.2 Dagens situasjon

Kommunane/næringssselskapa har ein sær viktig funksjon overfor etablerarar og småbedrifter, særleg før dei kjem til den andre store aktøren som er Innovasjon Norge. Så sånn sett kan etablerarar og mindre bedrifter i utgangspunktet forhalde seg til kommunane/næringssselskapa og Innovasjon Norge, og skal der få dei gode råda som dei treng - og bli synt vidare til andre aktørar i næringsapparatet.

Det er imidlertid også mange andre aktørar innan næringsutvikling, og det samla næringsapparatet kan fort bli oppfatta som komplisert – og der ein kan bli utrygg på rolledelinga mellom dei ulike aktørane.

Dei som treng midlar orienterer seg naturleg nok om dei finansieringskjeldene som finst, enten dette er innanfor det offentlege næringsapparatet – eller støtteordningar i privat regi (alt frå bankar til legat). Det er positivt at det er mange hjelparar innan næringsutvikling, og særleg når vi tek med dei private aktørane vil det alltid vere komplisert å få eit oversiktleg bilde av det samla hjelpekorpsset. Men som offentlege aktørar kan vi klargjere det som vi rår over. Og rolledelinga mellom nokre av aktørane kunne vore tydlegare. Det er god rolleavklaring mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Fylkesmannen. Og når det kjem opp saker som ligg i ei gråson vert dette vanlegvis drøfta. Det er også bra klare linjer til kommunane/næringssselskapa, og tilhøvet til desse vert vidareutvikla gjennom næringsavdelinga sine kommunebesøk. Tilhøvet til Siva vert stundesvis oppfatta som meir krevande. Det er etablert nokre selskap/utviklingselskap/nettverk, og nokre av desse har vakse ut over den opprinnleg tiltenkte rolla. Dette kan ha med vekstambisjonar å gjere, og det kan ha med leit etter finansieringskjelder som gjev rom for auka aktivitet. Vi har då døme på at slike selskap tilbyr tilbod som ligg sær tett opp til mororganisasjonar som t.d. Innovasjon Norge. Dette kan skape uvisse om rolledelinga. Ei løysing her kan vere å rydde litt, og i utgangspunktet legge bedriftsretta tilbod under Innovasjon Norge. Ein bør i alle høve ikkje opprette nye selskap som tilbyr bedriftsretta tenester, før ein nøye har drøfta om dette kan leggast til Innovasjon Norge.

For etablerarar og småbedrifter er det som nemnt to «dører» inn til virkemidlane, og marknadsføringa av dei to «dørene» inn kunne vore betre. Gjennom nylansering av Driftig.no har vi klargjort kor ein skal vende seg i den aktuelle kommunen (med m.a. kontaktinformasjon til kommunar og næringssselskap).

Kring 60 prosent av bedriftene våre har 1-4 tilsette (og då har vi teke utgangspunkt i bedrifter med tilsette). Desse bedriftene har ofte liten administrativ kapasitet til å drive utviklingsarbeid. Hittil har tiltaksapparatet ikkje vore tett nok på småbedriftene. Litt av forklaringa kan vere for liten kapasitet og til ei viss grad manglande kompetanse til å rettleie.

Kommunane har valt ulike løysingar for korleis dei har organisert det lokale tiltaksapparatet. Nokre kommunar har tilsett eigen næringsssjef/næringskonsulent. Nokre kommunar har oppretta utviklingsselskap i samarbeid med lokalt næringsliv. På denne måten ønskjer dei å bringe lokalt næringsliv meir aktivt inn i arbeidet med næringsutvikling i kommunen. Nokre kommunar har gått saman og skipa felles næringssselskap. Denne modellen kan medføre breidde og kapasitet i tiltaksapparatet. Det er midlertid ikkje noko «rett svar» for kva som er den beste organiseringa av det kommunale tiltaksapparatet. Men vi har til denne tid hatt tru på samarbeid mellom fleire kommunar der vi får til eit større og meir allsidig fagmiljø.

Vi får stundesvis høyre at dei som utviklar «nye næringar» slit med å bli forstått i næringsapparatet, og slit med finansieringa. Dette siste kan også skuldast at bankane vanlegvis etterspør pantetryggleik for dei låna som dei gjev. Vi må lukkast betre med å utvikle dei «nye næringane», som mange av ungdomane våre utdannar seg innan. Det er gode døme på etablerarar som har fått god hjelp, men det er grunn til å tru at både næringsapparat og bankvesen har behov for å etablere ein kompetanse som gjer oss tryggare i møte med tenester som kan oppfattast som kompliserte både teknisk og marknadsmessig.

Gjennom prosjekt kommunal næringsutvikling vert det arbeidt systematisk med å styrke kompetansen i næringsapparatet, m.a. gjennom:

- Samling med ulike tema på dagsorden, t.d. kommunale næringsfond.
- Kurs i alt frå sakshandsaming, prosjektarbeid, innkjøp og statsstøtteregulverket til vekststrategiar og forretningsmodellering.
- Høgskulekurs innan næringsutvikling.

Driftig.no er som nemnt relansert, og skal m.a. gjere det lettare å finne rett kontaktperson i kommunar og næringssselskap. Marknadsføringa av Driftig.no bør imidlertid styrkast, og dette arbeidet er i gong. Næringsavdelinga gjennomfører no kommunebesøk der vi vitjar kvar kommune og det ev næringssselskapet som dekkjer denne kommunen. Dette for å kjenne betre til kommunane sine utfordringar og kunne fange opp forbetningspunkt i samordninga mellom kommune/næringssselskap/fylkeskommune/Innovasjon Norge/Fylkesmannen.

5.3 Kva gjer vi – vegval

5.3.1 Eit næringsapparatet som arbeider meir utadretta og oppsøkande

Det er trong for at næringsapparatet er meir aktive ute blant næringsdrivande og motiverer, formidlar kunnskap, utviklingsverktøy og rettleiing om korleis ein kan utvikle bedrifta. Dette er

særs viktig for å få til vekst i mindre bedrifter, og for å støtte etablerarar i ei krevande tid. I tillegg til tilstykkeleg tid fordrar dette «rett» kompetanse. Ei utadretta og oppsøkande arbeidsform skal også legge grunnlag for:

- Å arbeide målretta med ønska om å få til betre samarbeid mellom bedrifter (også innan leverandørutvikling) og sterkare næringsmiljø i fylket.
- Arbeide med tilgang til risikovillig eigenkapital.
- Arbeide for få ein kultur for ei friskare satsing.

5.3.2 Styrke næringsapparatet sin kompetanse

Det er viktig å forsetje det målretta arbeidet med å tilby samlingar, kurs, utdanning og læringsnettverk for næringsmedarbeidarane. Dette ikkje minst for å legge til rette for:

- Eit næringsapparat som arbeider meir utadretta og oppsøkande.
- Ha kompetanse til å rettleie småbedrifter som bør satse.
- Ha tilstykkeleg kunnskap til å møte dei «nye næringane» på ein god måte.

Det er fylkeskommunen som har drive denne verksemda i regi av prosjekt kommunal næringsutvikling, i samarbeid med Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane. Det vert føreset at dette viktige arbeidet vert vidareført av fylkeskommunen, i dialog med dei andre aktørane.

5.3.3 Forenkle næringsapparatet – og legge til rette for felles næringssselskap

Vi må sjå om vi har vore med å etablere eller støtta selskap med eit bedriftsretta tilbod som ligg så nær opp til Innovasjon Norge at oppgåvene heller kan utførast av Innovasjon Norge. Det bør ikkje etablerast nye selskap med bedriftsretta tilbod før ein kan gjort ei nøye vurdering av om dette kan ligge under Innovasjon Norge.

Stimulere til at kommunar går saman om å etablere felles næringssselskap. Dette for å legge til rette for sterkare kompetansemiljø. Men konsekvensen vert også færre aktørar og dermed også eit meir oversiktleg næringsapparat.

5.3.4 Styrke koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane

Den gode koordineringa mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Fylkesmannen vert vidareført. Og dialogen med kommunar/næringssselskap vert vidareutvikla m.a. gjennom dei kommunebesøka som er sett i gong. Og vi bør vidareutvikle dialogen med fleire av aktørane. Som ein del av denne styrka dialogen bør vi sjå meir på rolleavklaringa opp mot aktørar som t.d. Siva. Innanfor utviklingsarbeid er det utfordrande å utforme heilt klare retningslinjer for rolledeling, og gråsoner bør oppdagast og drøftast ved at aktørane er tettare på kvarandre.

Og partnerskapen må sjå til at halvoffentlege utviklingsselskap ikkje vert gjevne konkurransevridande fordelar i høve til private tenesteytande bedrifter.

5.3.5 Utvikle regional beredskap for utvikling av «nye næringar»

Den regionale partnerskapen må koordinere behovet for kunnskap og kapital ved

forretningsmessig utvikling av «nye næringar». Partnerskapen skal syte for gode nettverk inn mot Fou og nasjonale/internasjonale investormiljø. Innovasjon Norge koordinerer den regionale partnerskapen i dette arbeidet.

5.3.6 Formidle eit meir oversiktleg næringsapparat

Vi vert flinkare til å marknadsføre dei to «dørene» inn til hjelpeapparatet. Dette også gjennom Driftig.no, som vi også må marknadsføre betre. Dette fordrar imidlertid at dei som sit bak desse to «dørene» har oversikt nok til å rettleie vidare i eit relativt komplisert hjelpeapparat”

5.4 Kort oppsummering

Vi legg til grunn følgjande med tanke på næringsapparatet:

- Eit næringsapparat som arbeider meir utadretta og oppsøkande.
- Styrke næringsapparatet sin kompetanse.
- Forenkle næringsapparatet og legge til rette for felles næringssselskap.
- Styrke koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane.
- Utvikle regional beredskap for utvikling av «nye næringar».
- Formidle eit meir oversiktleg næringsapparat.


6 Entreprenørskap

6.1 Mål/kva ønskjer vi?

Hovudmålsetjinga for ei entreprenøriell satsing er at det skal vere like naturleg å skape sin eigen arbeidsplass som å søkje jobb i ei eksisterande bedrift.

Avgrensing

Entreprenørskap kan definerast i vid forstand, men alle tiltak og prosessar har det same overordna målet som er å skape levedyktige verksemder. For å få fleire menneskje til å vurdere å starte for seg sjølv må dei ha kunnskap om det å starte bedrift og vite kvar og kva hjelp det er å få. Entreprenørielle tiltak kan dermed setjast inn lenge før bedrifta er tenkt etablert, altså gjerne på barnehage- og skulenivå. Dette for å gi menneskja dei rette forutsetningane og verktya for å seinare ønske og gjennomføre etablering av eiga verksemd. Målsetjingar og strategiar for faktisk og konkret etablering vert handtert i kapittel om verkemiddelpolitikk.



6.2 Dagens situasjon

Den største konkurrenten til entreprenørskap er fast jobb. Med under to prosent arbeidsløyse i Sogn og Fjordane så er ikkje motivasjonen til entreprenøren eksterne faktorar som at han ikkje får anna arbeid. Samtidig er motivasjonen for starte eige bedrift nært knytt til forventningar om framtidig avkastning og må vegast opp mot andre alternativ. Dette kan vere årsaka til at tal nyetableringar i fylket er relativt lågt, samtidig som nyetableringane i stor grad er levedyktige. Dette gjer at Noreg er i ein heldig posisjon der situasjonen er eigna for bærekraftige, nyskapande, kunnskapsbaserte verksemder.

Tal bedriftsetableringar i fylket er på jumboplass, både tal nye bedrifter målt i forhold til eksisterande bedriftspopulasjon og personar i yrkesaktiv alder. Det er samtidig store skilnader innad i fylket, og einskilde kommunar og regionar har stor vekst i etableringsratane. Sjølv om Sogn og Fjordane er på botnen i tal nyetableringar, så har nyetableringane i Sogn og Fjordane den høgaste overlevingsgraden samanlikna med dei øvrige fylka i landet.

Vi er usikre på kvifor situasjonen er slik, men det kan tenkjast at det er fleire årsaker til kvifor så få torer å satse på eiga verksemd i fylket. I tillegg er dei fleste bedriftene i fylket små, og tykkjest å vere tilfreds med det. Truleg spelar både motivasjon hjå entreprenøren i tillegg til eksterne rammevilkår ei stor rolle.

Sogn og Fjordane er i tet nasjonalt innan entreprenørskap i skulen. Fylket har to viktige tilbydarar av entreprenørskap i skulen; Høgskulen i Sogn og Fjordane (REAL) og Ungt Entreprenørskap. Høgskulen er ein viktig bidragsytar for å gje komande og eksisterande lærarar og entreprenørskapskompetanse. Ungt Entreprenørskap har hatt ein imponerende auke i tal elever og studentar som deltek i ulike program i fylket. I 2012 var det i overkant av åtte tusen elever/ studentar som deltok på UE-program. Same året var Sogn og Fjordane det fylket med størst del elever som deltok med ungdomsbedrift.

6.3 Kva gjer vi – vegval

Det eksisterer gode strukturar og verkemiddel for entreprenørskapssatsinga i fylket. Desse må i større grad klargjerast, synleggjerast og vere tilgjengeleg for potensielle brukarar.

6.3.1 Haldningsskapande arbeid

Frå eit overordna og vidt perspektiv er haldningsskapande arbeid essensielt for å oppnå bevisstheit for kva som eksisterer av strukturar og at det er mogeleg å lukkast i fylket vårt. For å få fleire til å tore å satse på eigne verksemdar så må bevisstheita kring det at det er mogeleg å lukkast i fylket synast fram. I tillegg til å syne fram verksemdar som har fått det til, bør alle ha kunnskap om at det eksisterer hjelp både i form av kunnskap og kapital dersom ein vel å starte eiga verksemd.

Det haldningsskapande arbeidet kan i praksis utførast ved bruk av ulike gründerprisar, og ved profilering av gründererar i ulike media. Vidare er det viktig at slike suksesshistoriar også syner til kva hjelp entreprenøren fekk undervegs i oppstart og etablering av verksemda.

6.3.2 Entreprenørskap i opplæringa

I opplæringsløpet bør innsatsen opprethaldast, men og gjerne strukturert og forsterkast. Granskingar syner at elevar i stor grad har vore innom diverse entreprenørielle aktivitetar i opplæringsløpet. Nokre skular har eigne læreplanar for kva type entreprenørskapsaktivitetar som skal gjennomførast i kva klassetrinn, medan andre skular gjennomfører dette på meir ad-hoc basis og gjennomføring er personavhengig.

Ei strukturering av aktivitetane kan for eksempel gjerast ved å auke bevisstheita av viktighet av entreprenøriell tenking og trening i tidlege år. Barnehage og grunnskule er gode arenaer å nytte for å gjere unge tidleg bevisst i entreprenørskapstenking. Kommunane og fylkeskommunen har eit spesielt ansvar for å legge til rette for, motivere og også utforme forslag eller krav til kva unge bør få av entreprenørskaps erfaringar i skulen.

På høgskulen er entreprenørskap integrert i nokre studieretningar, og er som valfag i andre. Spesielt innan studieretningar som friluftsliv og idrett bør elevane få meir trening i å tenkje entreprenørielt. Det optimale vil vere å tilby fag med studiepoeng til ein samla studentmasse, slik at elevar frå ulike studieretningar på ulike trinn kan danne grupper med kreativ entreprenøriell tenking.

6.3.3 Bedriftsetablering

Det må vere enkelt for potensielle gründerar å skilje mellom ulike verkemiddel og aktørar som tilbyr hjelp og rettleiing. Kapittelet om organisering av verkemiddelapparat går nærare inn på kva aktørar som tilbyr verkemiddel retta mot faktiske etablerarar.

6.3.4 Organisering av det skuleretta arbeidet

Ungt Entreprenørskap står for det operative arbeidet. Tilhøvet til Ungt Entreprenørskap vert takla gjennom avtale som femnar om både oppdrag og årleg tilskot. Det vert årleg gjennomført dialogmøte med Ungt Entreprenørskap. Og elles gjev partnerane styringssignal gjennom si styredeltaking i Ungt Entreprenørskap sitt styre.

6.3.5 Samordning av det samla entreprenørskapsarbeidet

Det vert årleg gjennomført 2-3 samrådsmøte der føremålet er å oppdatere kvarandre og samrå seg med tanke på det samla entreprenørskapsarbeidet, også det skuleretta arbeidet.

6.4 Kort oppsummering

Det er viktig å arbeide vidare med haldningsskapande arbeid for å få fleire til å satse på eiga bedrift. Og tilrettelegge for at unge får god entreprenørskapsopplæring og erfaring i barnehage, grunnskule og høgskulen.

Arbeidet med entreprenørskap har frå 2006 til og med 2012 vore organisert gjennom eit programarbeid. Eit eige entreprenørskapsutval leverte våren 2013 fagrapporten

Entreprenørskap i Sogn og Fjordane. Rapporten syner ei rekkje mål, strategiar og konkrete tiltak, og kven som naturleg skal ha ansvar for å gjennomføre desse tiltaka. Rapporten syner at det eksisterer gode strukturar og ansvarsområde pr i dag, og at vi må tore å forsterke den innsatsen. Vi syner elles til den nemnde rapporten, som er eit innspel i det vidare arbeidet med verdiskapingsplanen.

Det haldningsskapande arbeidet skjer i stor grad i skuleverket, og det er her dei unge får entreprenørskapsopplæringa og erfaring frå. Ungt Entreprenørskap bør ha ansvar for det operative, medan ei mindre gruppe som inkluderer ansvarspersonar frå opplæringssektoren på kommunalt og fylkeskommunalt nivå bidreg strategisk.

Måla programstyret for entreprenørskap og nyskaping foreslo i 2012 for ei vidare satsing er desse:

- At alle unge gjennom barnehage, skule til og med høgskulenivå, skal få opplæring og erfaring i entreprenørskap.
 - Operativt ansvarleg: Ungt entreprenørskap.
 - Aktuelle tiltak: Stimuleringsordning for mindre entreprenørskapstiltak.
- At alle kommunar og skular skal ha enkle entreprenørskapsplanar.
 - Aktuelle tiltak: Krav om planar for å få ovannemnte stimuleringsmidlar.
 - Entreprenørskapsarbeidet og planane skal inkludere satsing på elevbedrifter, ungdomsbedrifter og studentbedrifter.
 - Syte for at entreprenørskapsatsinga i skulen inkluderer samarbeid med lokalt næringsliv.
- At pedagogisk tilsette i Sogn og Fjordane har kompetanse i entreprenørskap.

- Aktuelle tiltak: Kurs og kompetansehevingstiltak.
- Byggje eit nettverk mellom entreprenørskapslærarane i Sogn og Fjordane
 - Aktuelle tiltak: Møtestader.

Mål for å auke tal nyetableringar må arbeidast meir med, men det viktige målet er:

- Fleire nyetableringar i fylket.
 - Aktuelle tiltak: Møtestader for nyetablerte og entreprenørar i fylket.

7 Virkemiddelpolitikk

7.1 Mål/Kva ønskjer vi?

Verkemidla frå dei ulike aktørane må utfylle kvarandre på ein god måte der privat og offentleg kapital samspelear godt. Dei finansielle og kunnskapsretta verkemidla må også utfylle kvarandre, og vi må ha ein god balanse mellom bedriftsretta og tilretteleggande innsats.

Etablerarar i fylket må ha tilgang til dei rette verkemidla i dei ulike fasane. Desse fasane vert ofte omtala som:

- Idè- og oppstartfase.
- Pre-så Kornfase (inkubatorfase).
- Så Kornfase.
- Tidleg vekstfase.

Og vi må ha ein virkemiddelpolitikk som støttar opp under ambisjonane om:

- Fleire og betre etablerarar.
- Vekst i eksisterande bedrifter, ikkje minst dei mange småbedriftene.
- Betre samarbeid mellom bedriftene (nettverk og leverandørsamarbeid).
- Fleire robuste næringsmiljø.

7.2 Dagens situasjon

Regjeringa har som mål at dei næringsretta verkemidla skal vere blant dei beste og mest framtidretta i verda. Dette skal bidra til at vi skal ligge i tet innan kunnskap, teknologi og verdiskaping. Dei direkte verkemidla skal bidra til å løyse ut lønsame prosjekt som elles ikkje ville blitt realisert.

Dei ulike fasane

I idè- og oppstartfasen får etableraren tilbod om både kapital, kurs og rådgjeving. Etableraren møter som regel først næringsapparatet i eigen kommune. Her vert gründeren rettleia, og får hjelp til å utvikle forretningsideen. Kommunen forvaltar også eit næringsfond som kan hjelpe gründeren i denne tidlege fasen. I denne fasen får gründeren i fylket vårt tilbod om to ulike etablerarkurs; Alkymisten for dei som allereie har ein forretningsidè, i tillegg til eit lavterskel tilbod for dei som vil vite meir om kva det inneberer å starte for seg sjølv.


I pre-så Kornfasen (inkubatorfasen), så skal bedrifter i ein inkubator få hjelp til å utvikle innovasjonsbedrifta i denne tidlege fasen ved bruk av kompetanse og nettverk som inkubatoren tilbyr. Inkludert i dette tilbyr ofte inkubatoren administrative tenester og kontorleige. I Sogn og Fjordane kan bedrifter søkje om å bli tekne opp i Kunnskapsparken sin Fjord Inkubator. Bedrifter i inkubatoren får bedriftsrådgjeving, finansieringsrådgjeving, fagleg støtte til organisering og leiging, hjelp til å knyte kontaktar med utviklingsorienterte miljø og anna rådgjevingshjelp.

Såkornfasen er ofte den vanskelege mellomfasen, altså fasen etter støtte frå Innovasjon Noreg og fram til den fasen etableraren kan klare å få venturekapital, som er definert som støtte frå profesjonelle investorar.

Såkornkapital er midlar frå fond som investerer i tidlegfasebedrifter og er kjenneteikna av høg risiko. Såkornkapital har vore etterlyst i mange år av norske gründerar. Dette er fasen som ofte vert referert til som «blodbadet» fordi kostnadene er høge, gjerne fordi produktet ikkje er ferdigutvikla, og dermed har ikkje gründeren nok inntekter. Risikokapital i denne fasen er dermed ofte avgjerande for at bedrifter skal kunne kome over i fasen der dei kan kome i posisjon til å få støtte av profesjonelle investorar gjennom venturekapitalfond.

Det har også tendensert mot at såkornkapitalfonda har konkurrert med Venturekapitalfonda, og såleis har ikkje såkornfonda ønska å gå inn i «blodbadet» nettopp på grunn av høg risiko. Risikoen er som regel knytt til både produkt og marknad. For etableraren så må han ofte ha fått sin første kunde som bevis for at forretningsmodellen fungerer før han får denne type finansiering.

I tidleg vekstfase så er gründeren og bedrifta utvikla nok til at profesjonelle investorar torer å satse kapital. Venturekapital selskap tilbyr eit spekter av investeringar, alt frå å starte opp idear frå botnen av til det å finansiere spinn-offs frå moderne bedrifter, til det å finansiere rask internasjonal ekspansjon av eit suksessfullt heimeprodukt. Felles for venturekapitalfonda er at dei ser etter marginar, skalerbarheit, vekstpotensial og menneskja bak.



Verkemidla frå Innovasjon Noreg til næringsdrivande i Sogn og Fjordane

Dei offentlege aktørane er tungt inne med virkemiddel for å stimulere næringsutviklinga i fylket. Den største aktøren er naturleg nok Innovasjon Norge, som i 2012 løyvde vel 520 mill kr til næringsutvikling i fylket:

- 116 mill kr i tilskot.
- 310 mill kr i lån.

- 95 mill kr i rentestøtte for lån.

Om lag 84 % av innsatsen går til investeringar i industribygg, fiskebåtar, driftsbygningar og produksjonsutstyr (harde investeringar). Dei resterande 16 % går til FoU, kompetanseutvikling og nettverksutvikling (mjuke investeringar).

Midlane frå Innovasjon Norge går hovudsakleg til tradisjonelle næringar, som t.d. landbruk, fiskeflåte, havbruk, industri og reiseliv. Andre tensteytande næringar var mottakar av 4 % av støtta frå Innovasjon Norge.

Tala ovanfor relaterer seg til den samla innsatsen på 520 mill kr. Dersom vi kun ser på tilskot får vi følgjande bilde:

- 28 % til harde investeringar.
- 72 % til mjuke investeringar.

Andre tensteytande næringar kjem betre ut når vi ser kun på tilskot, som mottakar av om lag 15 % av tilskota frå Innovasjon Norge.

Når det gjeld tilskot så ser vi vidare at 90 % går til einskildbedrifter/personar, og dei resterande 10 % til næringsmiljø og produksjonssystem.

Innovasjon og forskning i næringslivet

Det vert også tilbudd ei rekkje virkemiddel innan innovasjon og FoU. Ein del mindre bedrifter opplever det som krevjande å dra nytte av desse virkemidla.

Innovasjon Noreg tilbyr virkemiddel som fremjar innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Noreg skal hjelpe fram nye idear og produkt. Satsinga deira er spesielt retta mot etablerarar, kvinner, oppfinnarar og små- og mellomstore bedrifter med vekstpotensiale. Innovasjon Noreg sitt ansvar er å bidra til at norsk næringsliv lukkast internasjonalt, og dei har også eit gjennomgåande fokus på dei næringsområda der vi har særlege fortrinn som maritim sektor, marin sektor, energi, miljø og reiseliv.

Innovasjon Norge, SIVA og Norges forskingsråd er viktige bidragsytarar i satsinga på innovasjon i næringslivet. Innovasjon Norge bidrar med finansiering, kompetanse og nettverk til innovasjonsaktiviteter i bedrifter. SIVA bidrar som pådrivar og tilretteleggar for innovasjons- og næringsmiljø. Norges forskingsråd støtter forskingsprosjekt i næringslivet, strategisk forskning, kommersialiseringstiltak og internasjonalt forskingssamarbeid.

SIVA sitt innovasjons- og nettverksarbeid bidreg til å utvikle innovasjonsevne og verdiskaping i heile landet. Inkubatorverksemd i sentrale strøk stimulerar til auka kommersialisering av gründeridear og forskningsresultat og skal gje fleire vellukka bedriftsetableringar. SIVA bidreg også til tettere samhandling mellom næringsliv, FoU-miljø, kapitalmiljø og offentlege aktørar.

Dei generelle verkemidla frå Noregs forskingsråd for næringsretta forskning støttar dei beste prosjekta uansett bransjetilknytning. I tillegg vert det og satsa innan dei næringane der vi har spesielle fortrinn og der det er betydeleg verdiskapingspotensiale.

7.3 Kva gjer vi – vegval

Det eksisterer gode tiltak og verkemiddel for bedrifter i oppstartfasen i fylket. Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg tilbyr både Alkymisten og regionale bedriftsetableringskurs. I tillegg får gründerar tilbod om diverse kompetanseutviklings- og nettverkstiltak. Kommunane si førstelinjeteneste skal vere gode hjelparar og rettleiarar for gründerar i eigen kommune. Det er viktig med eit apparat som gjer at etableraren vert sett i kontakt med dei rette verkemidla (Entreprenørskapsrapporten 2013).

Entreprenørskapsutvalet har spesielt peika på desse måla i rapporten av 2013:

Mål 4: Alle potensielle nyetablerarar skal ha tilgang til og informasjon om kurs, kompetansehevingstiltak og dei ulike verktya som eksisterer.

Mål 5: Etablerarar skal ha tilgang til arenaer der dei kan danne nettverk.

Mål 6: Vekstbedrifter skal få synleggjort tilgang til nettverk, kapital og kompetanse.

Mål 7: Stimulere etablerte småbedrifter til vekst og knoppskyting.

I tillegg til at dei verkemidla vi har vert betre synleggjort så er den største utfordringa er å skaffe privat kapital til gründerar og bedrifter i såkornfasen. For å få auka midlar i denne fasen må det jobbast mot korleis vi kan betre tilgongen på tolmodig og risikovillig eigenkapital. Dette kan til dømes vere bankar og private investorar saman med insentivordningar frå det offentlege.

Engel investorar, også kalla business angels kan lettare trekkast til oss ved rett skattestruktur. Dersom ein kan spare skatt på å investere i risikofylte gründerverksemdar så kan ein få auka tidlegkapital til gründerar. Eksempelvis er såkalla «Svensk-modell» noko som vi her i landet må sjå meir på. Denne modellen utløyser dobbelt med kapital, som betyr at dersom investoren går inn med ein halv million kroner, så skal det offentlege gå inn med tilsvarande. Dette bidreg til at risikoen for investoren vert redusert.

Det er viktig å sjå på korleis ein kan etablere gode system, langsiktigheit og forutsigbarheit i denne fasen for å gjere gründerbedriftene i stand til å kome over i tidleg vekstfase som vil gje innovasjon og nyskaping.

Nøkkelen til vekst kan og ligge i at dei mange småbedriftene får utvikle innovasjonsevna. Dette gjennom å legge betre til rette for at også mindre bedrifter nyt godt av dei offentlege aktørane sine verkemiddel innan innovasjon og FOU. Vi bør her sjå om dei aktuelle verkemidla kan forenklast/tilpassast mindre bedrifter, og vi må sjå på korleis vi best kan selje inn dei aktuelle verkemidla. Men begrensa administrativ kapasitet i mange småbedrifter trur vi at ei utvida mentorordning vil ha utløyssande verknad, ved at fleire bedrifter torer å søke på verkemidla innan innovasjon og FOU. Ei utvida mentorordning med erfarne og lokale rådgjevarar vil også kunne utfordre småbedriftene til sjå dei mulighetane som måtte by seg for utvikling og vekst. Innovasjon Norge har ei mentorordning i dag, og det er nærliggande å sjå om denne kan vidareutviklast.

Ein relativt liten del av verkemidlane går til «nye næringar». Vi bør følgjeleg sjå på korleis vi skal få inn fleire gode initiativ/søknader som gjev grunnlag for arbeidsplassar som mange av ungdomane våre utdannar seg innan.

Som tidlegare nemnt er det viktig å legge til rette for samarbeid og robuste næringsmiljø, og vi er søkande på om dagens verkemiddelpolitikk legg godt nok til rette for dette. Vi trur her at vi har

tilgong til bra virkemiddel, men at dei offentlege aktørane i større grad må oppsøke næringslivet og selje inn mulighetane kring samarbeid og sterkare næringsmiljø.

7.4 Kort oppsummering

Vi legg til grunn følgjande

- Det må arbeidast aktivt for å styrke tilgongen til risikovillig eigenkapital, der vi i større grad prøver å kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter.
- Det kan her tenkast at vi prøver å bearbeide aktuelle investorar med interesse for fylket.
- Og at vi arbeider med å påvirke haldningar hos både kapitaleigar og småbedrift:
 - Selje inn verdien av at kapitaleigarar satsar på nye næringar.
 - Selje inn kor avgjerande det kan vere for ei småbedrift å gje slepp på noko av eigartilhøvet – for å skaffe kapital til å vekse.
- Vi manglar eit fond som kan investere utan å bli målt på krav til avkastning, og bør vurdere eit slikt fond. Dette som eit supplement til dei fonda som Fjord Invest har i dag, og gjerne administrert av Fjord Invest.
- For å stimulere til innovasjon og vekst i småbedrifter bør vi prøve å tilpasse tilboda innan innovasjon og FOU til mindre bedrifter, og selje inn virkemidla på ein lettfattleg måte.
- Dette gjerne i kombinasjon med ei utvida mentorordning, der ein erfaren rådgjevar også kan hjelpe småbedrifter med å sjå dei mulighetane som måtte by seg.
- Det vert lagt til grunn ei ordning med lokale mentorar, og vi bør drøfte ei vidareutvikling av den mentorordninga som Innovasjon Norge tilbyr i dag.
- Når det gjeld ambisjonane om å legge til rette for betre samarbeid og robuste næringsmiljø trur vi at virkemidlane er bra, men at vi i større grad må oppsøke næringslivet og få dei til å sjå muligheter og framgangsmåte.
- Med tanke på forretningsmessig tenesteyting og dei nye næringane ser vi at vi har bra virkemiddel, men får inn for få søknader. Så løysinga ligg her truleg i å mobilisere og legge til rette for gode næringsmiljø.

8 Breiband

8.1 Kva ønskjer vi?

Breibandstrategien frå april 2012 målber følgjande:

- Alle skal ha tilgong til andre generasjon breiband innan 2020.
- Dette inneber minst 100 Mbit/s begge vegar til næringsliv og offentleg sektor.
- Og minst 30 Mbit/s nedstraums og 10 Mbit/s oppstraums til husstandar.

8.2 Dagens situasjon

I Sogn og Fjordane har det vore arbeidd målretta med bygging av breiband sidan 2001. Breibandforum, kommunane og fylkeskommunen har vore sentrale i arbeidet med mange store prosjekt. Omlag 99 % av dei fastbuande i fylket har i dag tilgang på ADSL eller radiosamband. Desse løysingane stettar ikkje dagens krav og behov. Sogn og Fjordane er det fylket som har lågast dekning av andre generasjon breiband. Dette råkar både næringsliv, offentleg verksemd og husstandar. Det trengst derfor ei storstilt breibandutbygging, i samsvar med målsetninga i breibandstrategien frå 2012. Dette er særleg viktig for eit fylke som Sogn og Fjordane, der digital samhandling kan redusere dei utfordringane som vi elles har med spreidd lokalisering av busetnad og bedrifter, og ofte lang veg til kundar og leverandørar.

Frå 2014 vert det innført ei ny tilskotsordning for breibandutbygging, og det er no Post og teletilsynet som skal forvalte den nye ordninga. Kommunane og fylkeskommunen kan søkje om midlar. Og det vert forutsett at fylkeskommunane framleis skal ha ei koordinerande rolle.

8.3 Kva gjer vi - vegval

Tilgang til godt nok breiband er avgjerande for vidareutvikling og nyskaping i næringslivet og offentlege sektor. Breiband er i dag å sjå på som basis infrastruktur på linje med straum, vatn og avløp. Eit godt breibandtilbod gir potensiale for stadiavhengige kompetansearbeidsplassar, nye bedrifter, formidlingstenester, velferdsteknologi innan helse og omsorg, ei bærekraftig befolkningsutvikling og eit positivt omdøme. Som eit døme kan vi nemne at telemedisin er forventa å få ein kraftig vekst dei komande åra. Ei vellukka breibandutbygging tykkjest å vere ei av dei viktigaste oppgåvene som vi har framfor oss. Det kan i denne samanhengen nemnast at den nye regjeringa har sagt følgjande i si regjeringsplattform: «regjeringa vil sikre tilgang til høyhastighetsbredband i heile landet, med mål om hastighet på 100 Mbps».

Vi må no organisere oss slik at vi får maksimal uttelling på dei statlege midlane som vert lyst ut. Dette inneber:

- Forsterke det gode samarbeidet mellom kommunar og fylkeskommune, med Breibandforum som bindeledd:
 - Saman utforme store prosjekt som løyser ut statlege midlar.
 - Og styrke kommunane si evne til å initiere gode breibandprosjekt.
- Sikre snøgg og god gjennomføring av dei prosjekta som vi får midlar til:

- Betre rådgjeving til kommunane (ev utføre arbeidet for dei kommunane som ønskjer det).
- Utvikle gode samarbeid, der ein lærer av kvarandre og utviklar ein sams måte å gjennomføre arbeidet på (standardisering av prosedyrer og dokument).

Vi arbeider med å dyktiggjere 26 kommunar som i utgangspunktet ofte kan mangle både tid og kunnskap til å arbeide godt med breibandsproblemstillingar. Vi spør oss om dette er ein vel krevande øvelse. Alternativet kan vere at fylkeskommune tilbyr seg å gjere jobben for dei kommunane som ønskjer det, i dialog med kommunen. Dette fordrar imidlertid at fylkeskommunen har ei bemanning som gjer dette mogeleg, og at dei kommunane som ønskjer det kan vere med på ei ordning der dei kjøper seg kapasitet og kompetanse. Innanfor innkjøp er det t.d. eit nært samarbeid mellom fylkeskommunen og dei fleste kommunane i fylket.

9 Felles føresetnader for å lukkast

Vi har gjennom dette notatet lagt vekt på å indentifisere og omtale dei viktigaste områda som dei samarbeidande næringsaktørane saman kan gjere noko med, og peike på kva som bør gjerast. Vi har vore innom eit breidt spekter av problemstillingar, men dette går att som ein raud tråd:

- Tilgang til flinke folk.
 - Ikkje minst folk med god næringsretta utdanning.
- Tilgang til kapital.
 - Ikkje minst risikovillig eigenkapital.
- Ein utviklingsretta kultur.
 - Og ein mentalitet som inneber at vi torer å satse.
 - Og dette gjeld også kapitaleigarar sitt mot til å satse på nye næringar.
- Eit næringsapparat som arbeider utadretta og oppsøkande.
 - Og legg til rette for samarbeid, nettverk og ein kultur for å satse.
- God infrastruktur.
 - Gode vegar som bind saman i gode bu- og arbeidsområde.
 - Fullgodt breiband.

10 Avsluttande merknader

Vi har gjennom dette notatet lagt mest vekt på å samle oss om dei aller viktigaste områda som vi saman kan gjere noko med, for å få den ønska utviklinga for næringslivet i fylket. I vedlegg 1 har vi skissert ansvar for det vidare arbeidet, som eit grunnlag for drøftingar kring dette. Det er utforma målsetnader for kvart plantema. Vi har imidlertid ikkje utforma detaljerte målsetnader med forslag til korleis vi i ettertid kan måle måloppnåinga.

Vi syner elles til den vedlagde rapporten frå entreprenørskapsutvalet, som skisserer ei rekkje mål, strategiar og tiltak innan dette feltet. Vi syner også til vedlagde notat om næringsapparatet, med ei forenkla skisse over næringsapparatet.

11 Vedlegg

1 Frå plan til handling – tankar om ansvar for det vidare arbeidet

2 Fagrapport om entreprenørskap i Sogn og Fjordane

3 Notat om næringsapparatet

4 Oversikt over verkemiddel